



Sund folkebibliotek  
Skogsvåg senter  
5382 SKOGSVÅG

Dato: 08.12.2014  
Vår ref.: 2014/19777-65  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## Underretning om tildeling av tilskot til barn og unge hausten 2014

### 1. Innleiing

Vi viser til søknaden Dykkar om tilskot til tiltak for barn og unge – kulturløype på Steinsland

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, har i møte 18. november d.å. vedteke å tildele Dykk kr 12.000,-

### 2. Grunngjeving

For hausten 2014 var det 32 søknader og kr 176 000 til fordeling. Samla sokjesum var kr 984 540.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritere mellom kvalifiserte søkerar slik at nokon fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner.

For saksframlegg og vedtak, sjå Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak i sak 156/14:  
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/Details/2536>

For nærmere grunngjeving: [Grunngjeving](#)

### 3. Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalta til dykkar konto nr. 3470 09 50850

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalta beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalta tilskot skal betalast attende snarast.

### 4. Vilkår for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnadar:

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden.

Det er ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge. Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjera at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap i samsvar med pkt. 5 under og medverke til eventuell kontroll jfr. pkt. 6.

## 5. Rapportering /sluttrekneskap

Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i planane for tiltaket. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Sluttrapport med rekneskap sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga, seinast 6 veker frå tiltaket er gjennomført. Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av :

når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.

eventuelle avvik frå vilkåra med nærmere grunngjeving.

eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag ( planar/budsjett) med grunngjeving

Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava under pkt. 6 ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga, jfr. pkt. 4 og 7. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

## 6. Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilseigna.

Tilskotsmottakar pliktar på førespurnad å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor alle opplysningar/dokument som dei finn naudsynt for sin kontroll og elles medverke til gjennomføringa av denne.

## 7. Brot på vilkåra

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege brot på vilkåra kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis. Midlane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

## 8. Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør for kultur og idrett

Ronny B. Skaar  
seksjonsleiar/utviklingssjef

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland/Marianne Ose Askvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.